

# **REFERAT FRÅ OPPSTARTSMØTE I PLANSAKER – 21.04.2022**

## **- Detaljregulering Kolbotten II næringsområde**

Formålet med oppstartmøtet er å avklare offentlege føresetnader for at planforslaget skal kunne realiserast, og skal danne grunnlaget for ein god planprosess. Referat vert sendt ut til partane i etterkant av møtet og det blir sett ein frist for merknader til referatet. Om det ikkje kjem inn merknader til referatet, er dette å sjå på som godkjend av partane.

Saksnamn: Detaljregulering for Kolbotten II næringsområde  
Plan -ID: 34350011  
Saksbehandlar: Ingunn Moen Helland  
Møtestad: Vågå kommune, Formannskapssalen  
Møtedato: 21.04.2022

Til stades frå forslagsstilla:

- Nordplan as v. Iselin Ditlevsen Løkken
- Nordplan as v. Øyvind Sødal
- Krefter as v. Oliver Horvei

Til stades frå kommunen:

- Pål Inge Sanden (kommunalsjef)
- Bjørn Ivar Solheim (ingeniør byggjesak)
- Estin Johannes Blossom (ingeniør byggjesak)
- Hallvard Wangen (tenesteleiar VARS)
- Ingunn Moen Helland (plan- og miljørådgjevar)

Møtet tek utgangspunkt i motteke planinitiativ og plangrense.

## **1. Bakgrunnen for å setja i gang planarbeidet**

Kommunen har motteke planinitiativ frå Nordplan AS på vegne av forslagsstilla Krefter AS.

Planarbeidet for "Kolbotten aust" som kommunen varsla oppstart for 19.01.2022 er avslutta da Krefter AS har kjøpt dei kommunalt eigde areala innafor gjeldande reguleringsplan for Kolbotten industriområde. Krefter AS sitt planinitiativ avløyser kommunen sitt varsla planarbeid. Dvs. kommunen har avslutta planarbeidet for Kolbotten aust.

### **Bakgrunn og formål:**

Utarbeide ein detaljreguleringsplan i forlenginga av dagens næringsområde på Lalm i Vågå kommune. Planarbeidet skal avklare arealbruken og legge til rette for etablering av datasenter, samt område for masseuttak, med næring som etterbruk (område R/N01). Forslagsstilla vurderer området som attraktivt for etablering av datasenter da om det ligg gunstig til for energiforsyning og etablering av nødvendig teknisk infrastruktur.

Planområdet omfattar følgjande område i kommuneplanens arealdel: søraustleg del av N17E, N01, R/N01 og G01.

Følgande eigedommar inngår heilt eller delvis i forslag til planavgrensing: gbnr. 1/1, 1/35 og 1/50.



*Figur 1: Grunnkart med eideomsgrenser.*


#### **Bruken av området i dag:**

Det er tilkomst til næringsområdet fra aust fra Rv15. Det er også vegtilkomst til næringsområdet fra vest gjennom Lalm sentrum. Området ligg skjerma i forhold til bustader og annan støykjensleg arealbruk. Næringsområda ligg nært til Kvennberget som er ein viktig kulturmiljølokalitet. Omsynssoa rundt Kvennberget skal sikre at kulturminneverdiane i Kvennberget blir ivaretekne i arealplanlegginga.

#### **Forslag til plangrense:**

Det er ut frå krav om tilfredsstillande tryggleik nødvendig å sikre framtidig næringsområde mot ras og skred, i samsvar med tryggleiksgrava i pbl jf. TEK17. Administrasjonen tilrar at eit areal i området markert med gul farge på kart i figur 1 også blir teke med i planområdet m.o.t. sikring av næringsområde sør for Kvennbergvegen. Plangrensa oppdaterast m.o.t til dette.

Planområdet inkluderer derfor ei sone nord for Kvennbergvegen. Planområdet inkluderer ikkje Rv15 og avkjørsle til Kvennbergvegen. Dersom det kjem merknader til dette ved planoppstart eller i dialog med regionale styresmakter, kan plangrensa utvidast.



*Figur 2: Føreslelse plangrense i innsendt planinitiativ (kjelde: Nordplan AS) vist med raud stipla linje.  
I møtet vart det av kommunen tilrådd at planområdet også bør inkludere arealet i nordvest,.  
Dette areal et er omtrentleg markert med gul farge i kartet over.*



*Figur 3: Flybilete med forslagsstiller sitt forslag til plangrense inntekna (Kjelde: Nordplan AS)*

## 2. Planføresetnader


**Reguleringsplanform – jf. PBL kapittel 12**  
Detaljregulering

**Stauts – gjeldande reguleringsplanar:**

Vestre del av planområdet, samt del av tilkomstvegen inngår i gjeldande reguleringsplanar i dag.  
Planstatus på reguleringsplannivå for området i dag er vist i figur 4..

Ny plan vil delvis erstatte følgjande gjeldande reguleringsplanar:

Plan ID	Godkjent	Plannamn	Formål som blir berørt
1980001	17.05.1980	Kolbotten	Industriområde og friluftsområde (arealet er i kommuneplanen vist som N17E)
2006001	17.01.2008	Veg rv 15 - Lalm industriområde	Vegareal




Figur 4: Kartutsnitt fra kommunen si planbase som viser gjeldande reguleringsplanar i området

### **Status - overordna plan - kommuneplanens arealdel 2017-2027:**

Planområdet er i kommuneplan vist som område N01 (Kolbotten II) og område R/N01 (Tolstadmoen) samt LNRF-areal på nordsida av Kvennbergvegen, jf. kommuneplanens arealdel for Vågå, vedteken av kommunestyret 09.08.2017.

I kommuneplanførersegne § 9.10.1 (Nye område for råstoffutvinning) og § 9.11.1 (Nye område for næring med krav om regulering) står det følgjande plankrav for områda:

Områdenamn	Plankrav
N01 Kolbotten II	Området skal regulerast. Det skal leggjast opp til ein høg arealutnytting med fasade vendt mot industridegen.
R/N01 Tolstadmoen	Området skal regulerast. Det må utarbeidast støyanalyse.



Figur 5: Utsnitt av kommuneplanens arealdel

Eit reguleringsplanforslag må forhalde seg til dei føresegner og retningsliner som følger av forslag til kommuneplanens arealdel.

Planforslaget må også forhalde seg til ny kunnskap som har kome etter vedtak av kommuneplanen. Gjennomført faresonekartlegging i området er døme på slik kunnskap. Området ligg innafor aktsemdområde for flom og har dreneringsliner inn i planområdet. Dette må gå fram av planinitiativet og omtalen av området, samt inngå i nødvendige utgreiingar.

#### **Pågår det anna planarbeid i nærområdet?**

Nei.

Merknad: Kommunen varsla oppstart av planarbeid for eit mindre areal, men har lagt dette arbeidet til side etter at dei kommunalt eigde areala vart seld til Krefter AS. Planområdet Krefter as ønskjer å regulere inkluderer arealet kommunen sette i gang planarbeid for.

**Er planforslaget i samsvar med overordna plan?**

Ja.

Merknad: Etter vedtak av arealdelen har det kome ny kunnskap om faresone for ras og skred i området. Temadatasett for aktsemdområde for flom er også nytt og reell flomfare må avklarast gjennom planarbeidet.

**Vil planforslaget utløyse krav om konsekvensutgreiing / planprogram? Jfr. Forskrift om konsekvensutredninger**

Ja.

Jf. Forskrift om konsekvensutredning **§ 6 pkt. b.** - dvs. planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding.

Tiltaka det blir regulert for vil bli omfatta av konsekvensutgreiingsforskrifta **Vedlegg I pkt. 24:**  
*"Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg for til allmennytige formål med eit bruksareal på meir enn 15.000 m<sup>2</sup>.*"

Dette inneber at planarbeidet vil utløyse krav om KU og planprogram.

**Vil ny plan utløyse behov for utbyggingsavtale? Jfr. PBL kapittel 17**

Ja.

Det må utarbeidast utbyggingsavtale for anlegg for vatn og avlaup.

Ivaretaking av tilgang på brannvatn skal inngå i utbyggingsavtale.

Merknad:

Omtale av utbyggingsavtale skal takast med i varsel om oppstart, - det skal særskilt varslast oppstart av arbeid med utbyggingsavtale. Det går fram av kommuneplanens arealdel sine føresegner (kapittel 3) at utbyggingsavtaler skal brukast der det er nødvendig å sikre at utbygginga skjer i samsvar med intensjonar i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Det er vist til kommunestyret sitt prinsippvedtak om utbyggingsavtaler i sak 15/09.

Retningsliner for utbyggingsavtaler:

*"Utbyggingsavtalen skal sikre ein best mogleg infrastruktur og sikre at anlegg mv. som kommunen skal ta over og vedlikehalde, held den standard som kommunen krev. Utbyggingsavtale skal utarbeidast før 1. gongs behandling av områdeplan/detaljreguleringsplan og skal leggjast ut på høyring saman med planforslaget og skal følgje planforslaget til endeleg behandling i kommunestyret. Dette skal sikre medverknad frå råka grupper og interessentar."*

**Har kommunen tilfredsstillande kartgrunnlag for området?**

Ja

**Planforslaget må innordne seg etter rikspolitiske/statlege retningslinjer og føresegner**

(lista er ikkje uttømmande)

Rikspolitiske retningsliner, jfr. PBL 1985 § 17-1 første ledd

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1994)
- Rikspolitiske retningslinjer for universell utforming

Statlege planretningsliner, jfr. PBL 2008 § 6-2

- Statlige planretningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging (2014)
- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)

Generelle nasjonale føringer og retningsliner (lista er ikkje uttømmande):

- Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023
- Nasjonal retningslinje for luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520, MD)
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanleggingen (T-1442/2021, Klima- og miljødepartementet)
- Rettleiar for handtering av overvatn i arealplanar (NVE-rettleiar nr 4/2022)

- Flaum- og skredfare i arealplanar (NVEretningslinjer nr. 2 – 2011). Revidert 22. mai 2014.
- Rettleiar for Universell utforming i planlegging (H-2480/2021, Kommunal- og moderniseringsdepartementet)
- Europaratets landskapskonvensjon 2021 (tidlegare "Den europeiske landskapskonvensjonen")
- Rettleiar "Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging" 2017 (Direktoratet for sikkerhet og beredskap. DSB)

### **3. Kommunale vedtekter og retningslinjer som gjeld for planområdet**

Kommunal VA-norm. Elles ingen særskilte kommunale vedtekter.

Kommuneplanens arealdel gjev direkte føringar for planarbeidet.

Kommuneplanens samfunnsdel gjev generelt overordna føringar for planarbeid i kommunen.

### **4. Krav til varsel om oppstart av planarbeidet**

Kopi av referatet frå oppstartsmøtet skal sendast regionale myndigheter ved varsling om oppstart av planarbeidet. Forslagsstiller skal varsle oppstart av planarbeidet.

Før planarbeidet kan varslast oppstarta vert det tilrådd at varslingsmaterialet vert sendt kommunen for gjennomsyn.

Når det gjeld dette planarbeidet, meiner administrasjonen at plansaka skal framleggast for Regionalt planforum for drøfting før det kan varslast oppstart.

*Oppstartvarselet skal innehalde:*

- 4.1 Oversiktskart der planområdet er avmerkt. Plangrense utvidast jf. i nordvest jf. omtale i referatet.
- 4.2 Kart i eigna målestokk med planavgrense. Førebels plangrense er som avklart i oppstartsmøtet.
- 4.3 Brev som orienterer om formål med planarbeidet, dagens arealbruk, gjeldande planstatus og ønskt reguleringsformål. Orientering om ev. nødvendige premiss for planarbeidet som krev avklaring etter andre regelverk enn pbl og kva område som blir råka. Forholdet til KU-forskrifta. Informasjon om opplegg for medverknad. Informasjon om at dette planarbeidet overlappar kommunen sitt varsla planarbeid for "Kolbotten aust", og at kommunen sitt planarbeid er lagt til side.
- 4.4 Planprogram for KU
- 4.5 Referat frå oppstartsmøtet
- 4.6 Varsel om oppstart av arbeid med utbyggingsavtale

### **5. Viktige utgreiingsbehov for planarbeidet – førebels vurdering**

*Hovudtema som må utgriast i samband med planarbeidet*

#### **5.1 Planfaglege vurderinger:**

- ❖ Arealdelen: Føresegnerne og retningslinene skal følgjast opp i detaljplanlegginga. Sentrale føreseigner og retningsliner går m.a. fram i:
  - kap. 3 om utbyggingsavtaler
  - kap. 4 om tekniske løysingar (krav til vegar og til overvasshandtering),
  - kap. 5 om rekkefølge ved utbygging
  - kap. 6 om formings-, miljø- og funksjonskrav (byggjegrenser og krav om UU og tilgjenge for alle)
  - kap. 7 om miljøkrav og estetikk (støy og energi)
  - kap. 8 om bevaring av bygningsmiljø og kulturmiljø
  - kap. 9 om bygningar og anlegg.
 Kapittel 9 har m.a. føringar om:
  - parkering, § 9.3
  - utnyttingsgrad og bygningsvolum, § 9.4 2
  - råstoffutvinning, § 9.10
  - næring, § 9.11
  - grønstruktur, § 11.1

- kap 10 om samferdselsanlegg (byggjegrenser)
  - kap 11 om grønnstruktur (§ 11.2 vegetasjonssone G01 som skjerming mot område R/N01)
  - kap.14 om sikrings-, støy og faresoner (§14), Sone med særlege omsyn (§15) som m.a. omfattar Tolstadkvennberget
- ❖ **Forholdet til omgjevnader og landskap**
- Det må gå fram på kva måte eksisterande bygningar blir påverka av utbygginga. Planarbeidet må gjere greie for planlagt bygningsmasse, anlegg og andre tiltak. Det må seiast noko om utbyggingsvolum og byggehøgder. Materialbruk, takform, utnyttingsgrad, inngjerding er også tema som må omtalast. Kommuneplanen har føringar om utforming av bygg, og forholdet til kommuneplanen må omtalast.

Det må gjerast vurderingar av området R/N01 i forhold til dagens høgspentline over området og uttak av masser. Det må gjerast landskapsvurderingar av dette. Moglegheit og eignaheit for uttak av masser må vurderast både i forhold til bruk som næringstomter og i forhold til landskapsverknader av uttak.

Det må utarbeidast illustrasjonsplan som 3D-modell av planlagde bygg/volum som også viser korleis landskapet blir påverka.

Det må takast omsyn til Kvennberget som kulturminneområde (omsynssone).

Det må utgreiaast, og ivaretakast, ev. støypåverknad frå kjøleanlegg/-vifter og liknande.

Det må gjerast greie for ev. verknader utanfor planområdet (t.d. straumtilførsel, løysingar for kjølevatn, støy mv.)

## 5.2 Jordvern og landbruksfaglege vurderinger

- Areala innafor planområdet er omdisponert til utbyggingsføremål i kommuneplan.
- Planområdet råkar ikkje dyrkamark.

## 5.3 Miljøfaglege vurderinger

- **Forholdet til friluftsliv:**

Tema friluftsliv må omtalast og ivaretakast. Turstigar i området ivaretakast så langt som råd, ev. tilrettelegge for passasje/trasear slik at turstignettverk blir oppretthalde.

- **Forholdet til naturmangfold:**

På oversida av Kvennbergvegen er det registrert følgjande naturtypelokalitet:


Namn: Jukulbergje V

ID: BN00120402

Naturtype: Kalkbarskog

Utforming Ekstremtørr kalkfuruskog

Verdi Svært viktig



Til venstre: Utsnitt av plansituasjonen i området og førekommst av arter av nasjonalforvaltningsinteresse  
Til høgre: Avgrensing av naturtypelokalitet Jukulbergje V (Kjelde www.naturbase.no):

Innafor dette området er det m.a. førekjoms av elfenbenslav, som er ein prioritert art. Ein viser til gjeldande forskrift (ikraftsett 8.10.2021) *Forskrift om elfenbenslav som prioritert art*.


Det må gjerast vurderingar etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Registreringar i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artskart.no](http://www.artskart.no) skal omtalast og vurderast.

#### 5.4 Kulturminne og kulturmiljø med verneverdig bygningar


- Området er ikkje synfara med omsyn til kulturminne. Forslagsstilla må sjølv avklare forholdet til kulturminne med Innlandet fylkeskommune.
- Det må takast omsyn til nærleik til kulturminne i Tolstadkvennberget. Særskilte vurderingar av dette skal gå fram av planen.

#### 5.5 Samfunnssikkerheit og beredskap

- Planlagt tiltak vil truleg vere S3-tiltak, jf. TEK17. Det må gjerast vurderingar av Planområdet ligg innafor fareområde som ikkje gir tilfredsstillande tryggleik for S3-tiltak, jf. NGI-rapportar for området. For å dokumentere at det er mogleg å ivareta krava til tryggleik i området, må det i samband med reguleringsplanarbeidet prosjekterast løysingar for sikringstiltak. Planområdet må inkludere areal der desse sikringstiltaka skal gjennomførast.
- Det må gjennomførast faresonekartlegging av området også med omsyn til reell flomfare.
- Det må utarbeidast ein overvassplan som del av planforslaget. Det skal takast høgde for klimapåslag. Bruk av naturleg fordrøyning ved bruk av "grønne" flater bør vurderast.
- ROS-analyse skal følgje planforslaget og vere utforma i samsvar med DSB sin gjeldande rettleiar. Oppfølgingspunkt skal vere ivaretakne i planforslaget. Alle oppfølgingspunkt/tiltak skal som del av planarbeidet utgreiaast for nødvendig fagleg dokumentasjon på at tiltaka er gjennomførbare.



Figur 6: Kart som viser faresone skred (kjelde: NVE kartkatalog)



Figur 7: Kart som viser aktsemdområdet for flom (kjelde: NVE kartkatalog)

## 5.6 Folkehelse, barn og unge, funksjonshemma og eldre sine interesser

- Det må gjerast vurderingar vedr. forholdet til barn og unge, eldre og menneske med funksjonsnedsettingar. Deira interesser skal ivaretakast i alle planar.
- Det skal vere universell utforming av både bygningsareal og utomhusareal for arbeidsbygg og publikumsbygg, jf. TEK17.

## 5.7 Veg- og vegtekniske forhold / trafikktryggleik

- Avkjøringar frå Kvennbergvegen skal prosjekterast jf. vegnormalen handbok N100.
- Parkering: Må planleggast for tilstrekkeleg parkering.

## 5.8 Andre forhold:

- Rekkefølgjekrav for utbygging:**
  - Følger m.a. av føresegne i arealdelen § 5.1. Vil bli kravd rekkefølge når det gjeld ivaretaking av tilfredsstillande tryggleik (sikring), VAO, tilkomst. Denne opplistinga er ikkje uttømmande. Fleire krav knytt til rekkefølge kan bli aktuelle som følge av innspel til og arbeid med planen.
  - For område R/N01 Tolstadmoen er det opna for uttak av masser før bruk til næringsformål. I samband med uttak av masser vil det også vere krav til rekkefølge, jf. kommuneplanens retningsliner for område for råstoffutvinning (går fram under § 9.10.1).
- Energi:**  
Lokalisering og utforming av bygningar m.o.t. energieffektivitet og miljøriktig energiforsyning jf. kommuneplanførersegne § 7.2. Det er ei generell føring at bygg skal planleggast for å gje lågast mogleg energiforbruk til kjøling, lyssetting og andre formål.
- Vedr. deling av eigedom:**  
Plan- og bygningslova §1-6 definerer kva som er definert som tiltak. Endring og oppretting av eigedom er omfatta av denne definisjonen. Alle tiltak, uavhengig av søknadsplikt (jf pbl § 20-1) skal dokumentere tilfredsstillande tryggleik mot naturfare før løyve kan gjevast.  
Dette går fram av pbl § 28-1: «*Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller vesentlig ulempe som følge av tiltak.*»

Reglane i plan- og bygningslova og tilhøyrande tryggleiksklassar, jf. tryggleikskrava i byggeteknisk forskrift (TEK17), er klare på at oppretting eller endring av eigedom ikkje kan tillatast for areal som er omfatta av faresoner for flom/skred/steinsprang og der tilfredsstillande tryggleik ikkje er dokumentert ivaretake.

Det går også fram følgjande av kommuneplanens føresegner § 2.1 Plankrav:

*"For større byggje- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentleg verknader for miljø og samfunn er det krav om regulering, jf. pbl § 12-1, 2. og 3. ledd*

*For område som er avsett til område for byggje- og anleggstiltak og samferdselsanlegg, skal tiltak etter pbl § 1–6 og § 20-1, ikkje finne stad før området inngår i vedtatt reguleringsplan, jf. pbl kapittel 12."*

Da oppretting av eigedom er definert som tiltak etter pbl § 1-6 og § 20-1, er det krav om at området inngår i vedteken reguleringsplan før arealet kan delast frå (dvs. oppretta ny eigedom).

## 6. Krav til planforslaget – innhald og materiale

Forslagsstillar er gjort kjent med sjekkliste for planlegging, og krav til planforslaget. Lista nedanfor, saman med møtereferatet for øvrig, viser kva forventningar kommunen har til komplett materiale på bakgrunn av det vi er kjent med på oppstartsmøtet. Forslagsstillar er ansvarleg for å vurdere behov for vidare dokumentasjon, som eit resultat av dei tilbakemeldingane ein får ved varsel om oppstart og eventuelt seinare i prosessen.

- X Varslingsbrev m/adresseliste
- X Plankart - digital (i samsvar med siste SOSI-standard)
- X Målestokkriktig plankart i fargar
- X Reguleringsføresegner
- X Planomtale (planbeskrivelse) og KU (konsekvensutgreiing) som er utarbeidd i samsvar med fastsett planprogram jf. KU-forskrifta.
- X ROS-analyse (i samsvar med DSB sin rettleiar)
- X Avisannonse
- X Utbyggingsavtale for VA-anlegg
- X Heilskapleg VA-plan
- X Overvassplan
- X Støyanalyse
- X Prosjekterte sikringstiltak som ivaretak tilfredsstillande tryggleik for utbyggingsområdet, jf. TEK17
- X Illustrasjonsplan som 3D-modell / landskapsmodell (påverknad for omgjevnadene, påverknad på Kvennberget kulturminnemiljø og omgjevnader m.v.)
- X Innkomne merknader, - med omtale av på måte desse er ivaretakne i planforslaget.
- X Andre krav til planforslaget kan bli aktuelle (ut frå m.a. innkomne uttaler til oppstartvarsel og planprogram for KU).

## 7. Tekniske anlegg

### Veg/parkering

Alle vegar innanfor planområdet skal følge vognormalen, jf. vegvesenet si handbok N100 "Veg- og gateutforming". Vognormal stiller krav til utforming av veger og gater.

### Vatn og avløp

Krav om å knyte seg til kommunalt anlegg. Utbyggingsavtale (i forhold til VA); sjå omtale av dette tidlegare i møtereferatet.

### Kjøleanlegg

Det må som del av planprosessen avklarast korleis kjøling skal løysast og påverknad på omgjevnader.

### Straumtilførsel

Det må som del av planprosessen omtala korleis straumtilførsel skal løysast og påverknad på omgjevnader. Forslagsstiller har dialog med Fjellnett AS. Anlegg skal plasserast og utformast slik at dei praktisk og estetisk er til minst mogleg sjenanse for omgjevnadene.

## 8. Kommunens førebelse råd og vurderingar

Det er fleire forhold/tema som gjev usikkerheit i planlegging av området, og fleire tema som må gjevast særskilt merksemd.

- Oppmodar forslagsstiller til å ha låg terskel for å ta kontakt med kommunen undervegs i planarbeidet.
- Legge opp til ein open og brei planprosess.
- Det må sikrast fleksibilitet i planen, m.o.t. ulike typar næringsetableringar, dvs. planen kan ikkje avgrensast til berre datasenter, men opne for andre næringsbygg.
- Viktig å få tidleg avklaring av gjennomførbare sikringstiltak da dette er avgjerande for å kunne dokumentere tilfredsstilande tryggleik mot fare for skred og flom.
- Planarbeidet må utgreiaast m.o.t. heilskapen i prosjektet. T.d. løysingar for kjøling og straumtilgang. Dette er viktige premiss for planlagt bruk av området. Må takast inn i KU. Omsyn til omgjevnadene (støy, naturmangfald, kulturminne, landskap, eksisterande aktivitetar og bebyggelse mv.)
- Krav om å utnytte næringsareala godt (høg arealutnytting), og samtidig utbygging med kvalitet og med tilpassing til landskap og kulturverdiar.
- Kommunen legg til grunn at saka blir lagt fram for Regionalt planforum før det kan varslast oppstart av planarbeid. Dette for å få best mogleg oversikt tidleg i prosessen, og gje mest mogleg føreseielegeheit for planprosessen. Dette vil vere nyttig, og tidsbesparande, for alle partar i prosessen. Det må liggje føre eit forslag til planprogram når saka skal leggast fram for Regionalt planforum.

Møte i Regionalt planforum blir halde over Teams. Mest aktuelle møte i Regionalt planforum før sommaren er: 31.05.2022. Frist for innsending av skjema og materiale/problemstillingar er da 17.05.2022.

Kommunen bookar snarast mogleg tid for saka i Regionalt planforum 31.05.2022.

Nordplan tek kontakt med kommunen når utkast til eit planprogram ligg føre. Kommunen går gjennom forslaget og kjem med sine innspelemerknader, og om nødvendig har møte med forslagsstiller for gjennomgang.

Forslagsstiller fyller ut skjema og førebur dokument som skal sendast inn til Regionalt planforum som grunnlag for drøfting av saka. Dette blir gjort i samråd med kommunen. Det er viktig å løfte fram dei forhold/tema der ein ønskjer særleg attendemelding frå regionale styresmakter. Dette vil gje best mogleg føreseielegeheit i den vidare planprosessen.  
Forslagsstiller deltek i regionalt planforum.

## **9. Framdrift**

Planinitiativ/oppstartvarsel m/planprogram, og problemstillingar knytt til dette, blir framlagt for Regionalt planforum 31. mai.

Planlagt dato for varsel om oppstart (frå forslagsstillar): Etter drøfting i Regionalt planforum og attendemeldingar frå dette fora.

Kommunen bistår forslagsstillar med gjennomgang av liste over partar/instansar som må høyrast.

Forslag til planprogram skal etter høyring sendast inn til kommunen som skal leggje fram sak om fastsetting av planprogrammet. Ein gjer merksam på at kommunen ved behandling av planprogram for KU har ei formell moglegheit til å stoppe eit planinitiativ, jf. KU-forskrifta §16, 3.ledd.

Planlagt dato for oversending av planforslag frå forslagsstillar til kommunen: Dette vart ikkje konkretisert i møtet.

Kommunen ber forslagsstillar ta initiativ til undervegsmøte(r) med kommunen før innsending av planforslag for 1. gongs behandling i kommunen og utlegging til offentleg ettersyn.  
Utlegging til offentleg ettersyn kan skje seinast 12 veker etter at komplett planmateriale er innsendt til kommunen.

Dette er ein omfattande plan, og det må leggast opp til god medverknad i prosessen.  
Det må leggast opp til eit ope møte i høyringsperioden.

Forslagsstillar ønskjer å halde ope moglegheita for felles behandling av plan- og byggesak etter plan- og bygningsloven § 12-15, - av omsyn til framdrift i saka. Administrasjonen ser ikkje at dette vil innebere reell tidsbesparing i denne saka. Administrasjonen tilrår heller tett dialog med kommunen om klargjering av byggesøknad parallelt med at eit planforslag går til sluttbehandling.

## **10. Stadfesting**

Prioritere utgreiingsbehov for planarbeidet er oppgjeve så langt det er mogleg på grunnlag av tilgjengelege opplysningar under oppstartsmøtet.

Det blir gjort merksam på at verken oppstartsmøtet eller referatet gjev rettar i den seinare saksbehandlinga.

Naboprotestar, protestar frå organisasjonar, krav frå offentlege styresmakter mv. vil kunne føre til nye utgreiingskrav, krav om endring av planforslaget, evt. endring av framdrifta på behandlingsprosessen.

Dersom det i møtet med Regionalt planforum kjem nye moment som ikkje allereie er omtalte i oppstartemøtet, vil dette også vere forhold som planprosessen må avklare.

*Behandlingsgebyr:*

Jf. gjeldande gebyrregulativ vedteke av kommunestyret er **behandlingsgebyret kr 63.731,- for 2022**. Ein gjer merksam på at det i hht. gebyrregulativet er behandlingsgebyret som gjeld ved *det tidspunkt planen blir vedteken* som skal leggast til grunn.

## **11. Materiale utdelt på oppstartsmøtet eller som direkte oppfølging av møtet:**

Det vart ikkje delt ut materiale i møtet.

Liste over høyringspartar (naboar, grunneigarar, interesseorganisasjonar andre høyringspartar og høyringsinstansar) vil bli sendt til forslagsstiller før formelt varsel om oppstart.  
Høyringslista må supplerast med organisasjonar som m.a. FNF, lokallag for naturvernforbundet m.fl.

Vågå kommune, 25.04.2022

Referent : Ingunn Moen Helland